



Alver kommune
 Tenesteområde Plan, Utbygging og Kommunalteknikk
 v/ Oppmålingsavdeling
 Havneveien 41 A
 5918 Frekhaug

Ulset 23.03.2021

Målebrev for eigedomen gbnr 1/403 på Flatøy.

Saman med Berit Sofie Hoffstad eig eg eigedomen nemnd ovanfor. Kort tid før årsskiftet bad eg pr telefon om målebrev for eigedomen og mottok det straks (etter avtale vart det henta i ekspedisjonen i Rådhuset på Frekhaug). Målebrevet har no vorte samanhalde med planen for den ferdigbygde vegen til nabo-eigedomen gbnr 1/399 og med situasjonskart (også med godkjend rammeplan for veg til vår eigedom, gbnr 1/403). Det synest å vera nokre uklåre tilhøve som eg tek opp i det følgjande.

Målebrevkartet for gbnr 1/403 har *6 grensepunkt*, merka P1 til P6 med avstandar mellom punkta og oversikt over koordinatar for desse.

Planen for veg til gbnr 1/399 syner derimot *7 grensepunkt*. Det gjer også situasjonskartet. Dette stemmer også med dei avmerka/faste punkta i terrenget (for ordens skuld – eg deltok saman med dåverande grunneigar Sigmund Austegard og oppmålar frå Meland kommune då oppmålinga vart gjennomført i samband at den tidlegare festetomten skulle kjøpast). På *grenseline P3-P4* på målebrevkartet manglar *eitt* av dei faste/avmerka punkta, om lag på halve lengda.

Ved oppmerkinga/-målinga vart grensene endra litt i høve til tidlegare grense for feste-tomten. To av grensepunkta vart trekt nærare den gamle kjerrevegen og grenselina fekk dermed ein «knekk» (lina mellom P3 og P4 på målebrevkartet). Dette har eg prøvd å visa på vedlagde kopi av målebrevkart og av plantreikning for veg.

Målebrevet opplyser og at arealet på eigedomen gbnr 1/403 er *987,7 kvm*. Det stemmer ikkje med det arealet me betalte for då festetomten vart innløyst, nemleg *1003 kvm*, differansen er *15,3 kvm* (sjå vedlagde kopi av rekning/kvittering).

I ein merknad i målebrevet står det at «Grensene er om lag dei same som for festetomt 1/12/1 som skal innløysast». Denne merkningen er dermed ikkje heilt rett. Differansen i areal skriv seg truleg frå det som er nemnt om grensepunkta i avsnittet ovanfor. Eg ber om at Oppmålingsavdelingen ser nærare på avviket mellom vegplan og målebrev-kartet. Kopiar er vedlagde og aktuelle pkt avmerka på dei.

Forts neste side

Tilleggsspørsmål:

Ved bygging av vegen til gbnr 1/399 vart *to grensemerke* sprengde bort, på målebrevkartet er dei merka med P4 og P5. Skal desse grensepunkta oppmerkast synleg på nytt og kven har i så fall ansvaret for at det vert gjort ?

Om ønskjeleg deltek eg gjerne på ei synfaring eller kan koma innom kontoret (eg er pensjonist og har dermed bra med disponibel tid – er også ofte til Flatøy).

Med venleg helsing



Henrik Brigtsen

Bruskedalsreset 86, 5115 Ulset

Mobil: 916 16 972 // E-post: hbrigt@online.no

Vedlegg

Kopi av målebrev og målebrevkart

Kopi av plankart for veg til gbnr 1/399

Kopi av situasjonskart

Kopi av «Betaling for kjøp av gnnr 1 / bnr 403.»